

Til Sentralstyret
Kopi Landsstyret
Dato 10. september 2020
Fra Miriam Langmoen, generalsekretær

grønn
ungdom

INNKALLING OG SAKSPAPIRER

FOR SST-16-20

Møtedato: 16. september 2020
Møtested: Hausmanns gate 19, Oslo
Møtetid: 18:00-21:00 (skolering 17:15-18:00)

Saksliste

179 Godkjenning av innkalling

180 Valg av ordstyrer og referent

Innstilling: Elisabeth Udjus, *ordstyrer*
Christoffer Tallerås, *referent*

181 E-postvedtak siden sist møte

v/ Miriam Langmoen, generalsekretær

O

182 Status fylkeslag

v/ Kristina Moe-Karlsen, Saida Tufa og Vilhelm Bjørgul, fylkessekretærer

D

183 Orienteringsrunde

Alle utvalgsledere / folk med koordinerende roller:

- Hva (konkret) har gruppen din gjort siden forrige ordinære møte?
- Hvilke prosjekter jobber dere med?
- Hvem jobber med hva?
- Hvordan ligger dere an med ting?

Talspersoner:

- Hva skjer i MDG (SST og på Stortinget)?

Internasjonal kontakt:

- Hva skjer i det internasjonale arbeidet?

Alle:

- Hvilke eksterne politiske aktører har du hatt politisk kontakt med?
- Hva annet har du gjort i GU siden forrige møte?

O

184 Oppdatering om koronasituasjonen

v/ Miriam Langmoen, generalsekretær

O

185 Evaluering av verveuka v/ Miriam Langmoen, generalsekretær	D
186 Fellesarrangement med Vino og Grøn Ungdom på Åland sommeren 2021 v/ Nora Heyerdahl, internasjonal kontakt	D
187 Organisatorisk valgkampstrategi (ettersendes) v/ Ulrikke Torgersen, sentralstyremedlem	V
188 Retningslinjer for politiske utvalg v/ Teodor Bruu, talsperson	V
189 Borgerlønn v/ Pauline Tomren og Ola Vollan, det politiske utvalget for helse, velferd og likestilling	V

Deretter møtekritikk

*O er orienteringssaker
D er debattsaker
V er vedtakssaker*

Oslo, 10. september 2020

Miriam Langmoen,
Generalsekretær

Til Sentralstyret
Kopi Landsstyret
Fra Miriam Langmoen, generalsekretær
Dato 10.09.20
Saksnr SST-16-20-185

The logo for 'grønn ungdom' is located in the top right corner. It consists of a green rounded square containing the words 'grønn' and 'ungdom' in white, lowercase, sans-serif font, stacked vertically.

EVALUERING AV VERVEUKA

Bakgrunn

Verveuka ble litt koronapreget, samtidig som vi fikk vervet mer enn vi gjorde i mars. Vi tar en kjapp runde om hva folk gjorde i verveuka og hvordan ting gikk i ulike fylkeslag.

Med vennlig hilsen

Miriam Langmoen,
generalsekretær

Oslo, 10. september 2020

Til Sentralstyret
Kopi Landsstyret
Fra Teodor Bruu, talsperson
Dato 17.08.20
Saksnr SST-16-20-188

grønn
ungdom

RETNINGSLINJER FOR POLITISKE UTVALG

Bakgrunn

Det fantes ingen retningslinjer for valg av politiske utvalg da dette ble gjort etter landsmøtet i fjor, og dette har resultert i ganske lite demokratiske og grundige valgprosesser. Nå som de politiske utvalgene har kommet for å bli og vi har tid til å innarbeide ordentlige rutiner og retningslinjer for valg av dem, så bør vi gjøre det. Det eneste som har blitt demokratisk forankret av et organ i Grønn Ungdom med tanke på de politiske utvalgene, er hva de skal hete og hvor mange det skal være, som landsmøtet regulerer gjennom arbeidsplanen, og valg av ny leder av Politisk utvalg for fred, forsvar og migrasjon på SST-13. I tillegg har sentralstyret vedtatt noen retningslinjer om forholdet mellom sentralstyret, landsstyret og de politiske utvalgene hva gjelder hvem som formelt er forslagsstillere og sånt, på SST-2.

Sammensetningen av utvalgene ble for denne perioden bare bestemt av ledelsen formelt, men i praksis av undertegnede og Nora Heyerdahl (som skulle være leder i et av utvalgene), som gikk gjennom alle søknadene og kom med en slags innstilling til ledelsen.

Hva trenger vi retningslinjer på?

- Hva er utvalgenes formål?
- Hvilke politiske utvalg skal vi ha?
- Hvilken rolle har utvalgene i Grønn Ungdom?
- Hvordan velger vi ledere og medlemmer til utvalgene?
- For hvilken periode gjelder et politisk utvalg?
- Hvordan sikrer vi opplæring av utvalgene?

Hvilke politiske utvalg skal vi ha?

I dag er det landsmøtet hvert år som bestemmer hvilke politiske utvalg vi skal ha, og dette reguleres gjennom arbeidsplanen. Det velges derfor for ett år av gangen, og det har pleid å bli gjort endringer i det hvert år. Noen utvalg har blitt oppløst, andre har fortsatt som før og andre igjen har endra navn.

Hvordan skal vi gjøre dette videre? Vi kan gå vekk fra at det er arbeidsplanen som regulerer de politiske utvalgene hvis vi ønsker mer langsiktighet i det, eller vi kan fortsette som nå for å sikre den fleksibiliteten. Min anbefaling er sistnevnte, og at det ikke gjør noe at alt velges på nytt hvert år. Flexibiliteten i dette har vært litt av nøkkelen til suksessen, tenker jeg.

Hvis vi fortsetter med dagens løsning, vil det altså være landsmøtet som hvert år bestemmer hva utvalgene skal hete og hvor mange det skal være av dem, og landsmøtet kan da alltid overkjøre eventuelle retningslinjer. Likevel tenker jeg at det bør ligge noen føringer på dette. Bør utvalgene ha veldig generelle navn eller mer spesifikke. Navnet på utvalgene er en slags bestilling fra landsmøtet til sentralstyret/utvalgene på hva de ønsker utviklet politikk på. Jo mer spesifikk den bestillingen er, jo mer overstyring får utvalgene. Retningslinjene bør si noe om dette, og jeg tenker at erfaring fra i år har vist at det gjerne er en fordel med presise bestillinger. For eksempel fikk vi freds-, forsvars- og migrasjonspolitik fra det utvalget fordi det lå i navnet. Hadde vi kalt utvalget Politisk utvalg for internasjonal politikk, så kunne vi fått noe annet. Jeg tenker at det er en fin struktur om diskusjonene på landsmøtet om navnene på utvalgene er en reell diskusjon om hva vi ønsker utviklet politikk på det kommende året.

Hva er utvalgenes formelle rolle?

Så lenge utvalgene ikke er landsmøtevalgt, og hele valgprosessen er som foreslått her, vil utvalgene formelt være undergrupper av sentralstyret. Hva betyr det med tanke på forslagsrett og så videre på sentralstyre- og landsstyremøter? SST-2-20 vedtok følgende under saken «Politiske utvalg og sentralstyret», som foreslås videreført:

- Vi tolker vedtektene til at «sentralstyremedlemmer» ikke innbefatter medlemmer av undergrupper i sentralstyret, og at de politiske utvalgene derfor ikke kan melde opp saker direkte. Vi gjør derfor til praksis at de formelt melder opp sakene sine gjennom en i sentralstyret. Denne personen kan for eksempel ved undertegnede, som har oppfølgingsansvar og løpende kontakt med utvalgene fra før. Det skal da presiseres i sakspapirene at det er på vegne av det politiske utvalget, og leder bes fortsatt sørge for at noen fra utvalget faktisk kommer og redegjør for saken.
- Det blir sentralstyret som står som forslagsstiller hvis sentralstyret velger å innstille på den politiske uttalelsen det gjelder. Det kommer da frem av innstillingen fra sentralstyret hvilket politisk utvalg som opprinnelig skrev uttalelsen og hvilke endringer som eventuelt har blitt gjort med uttalelsen av sentralstyret. Hvis sentralstyret ikke innstiller på den politiske uttalelsen, men likevel mener at det er fint for landsstyret å få behandlet saken, så kan det politiske utvalget melde opp saken sin gjennom en av talspersonene, som har forslagsrett. Hvis sentralstyret ikke anser det som viktig eller bra at landsstyret behandler saken, så må det politiske utvalget eventuelt finne en annen måte å få meldt opp saken på. De politiske utvalgene presenterer sakene sin for landsstyret selv, dersom de har mulighet til det. De gis da midlertidig talerett som gjester, noe vi har gjort flere ganger før.

Hvordan velger vi ledere og medlemmer til utvalgene?

Hittil har sentralstyremedlemmer og ledelsen valgt sammensetningen av utvalgene på en uformell måte etter en søknadsprosess uten intervjuer. Unntaket er valg av ny leder av utvalget for fred, forsvar og migrasjon. Der ble det gjennomført intervjuer og vedtak ble gjort av sentralstyret. Hvordan gjør vi det i neste runde?

Det at vi ikke vet hvilke politiske utvalg vi har før etter landsmøtet gjør at søknadsprosessen ikke kan starte før da. Utfordringen da er: man ønsker de politiske

utvalgene oppe og gå så fort som mulig, slik at de for eksempel kan rekke å produsere noe politikk til første landsstyremøte, som ofte har sakspapirfrist i januar. Et alternativ er å gjøre det litt som nå og sette i gang en søknadsprosess rett etter landsmøtet som pågår gjennom jula og konkluderes enten uformelt som i dag eller formelt på første sentralstyremøte, og at de gamle politiske utvalgene oppløses ved landsmøtet.

Et annet alternativ er å gjøre som over, men la de gamle politiske utvalgene virke frem til de nye er satt sammen litt ute i januar. Da kan de gamle utvalgene være de som kan melde opp politikk til første landsstyremøte og man får bedre tid til god valgprosess av de nye utvalgene. Ulempen er at de gamle utvalgene da kanskje er litt umotiverte og uansett ikke kommer til å produsere noe særlig i januar og at man kommer litt treigt i gang med de nye utvalgene.

Jeg tror det er bedre å gå for en variant av det første alternativet, og at det er mulig å få til på en god måte. Hvis man går for det alternativet, må vi finne ut hvordan vi skal utforme valgprosessen slik at vi både rekker å få satt sammen utvalgene så tidlig som mulig (slik at de er i gang seinest tidlig januar) og sikrer at valgprosessen er god og demokratisk og at sentralstyret får formelt vedtatt hvem som velges til utvalgene. Min innstilling er at vi legger opp til at valg av de politiske utvalgene skjer allerede på sentralstyrets påtroppingshelg, som ofte er én eller to helger etter landsmøtet. Fordelen med det er at man kommer raskt i gang og kan bruke siste arbeidsuken av desember på opplæring av utvalgene som da er klare for arbeid med en gang juleferien er over. Ulempen er at søknadsfristen må settes veldig kort (én til tre dager) etter landsmøtet, og at det må settes inn veldig mye arbeid med de politiske utvalgene i desember. Jeg tror dette kan løses ved at søknadsprosessen starter allerede flere uker før landsmøtet (at det informeres om muligheten til å søke allerede i sakspapirene) selv om det ikke er endelig bestemt hva utvalgene skal hete og hvor mange det skal være, og at sentralstyret bruker mye tid på å tydelig oppfordre til å stille til utvalgene før, under og rett etter landsmøtet. Det opprettes en undergruppe i sentralstyret som arbeider med dette og som også gjennomfører valgprosessen etter landsmøtet. Jeg innstiller også på at det skal gjennomføres intervjuer med alle aktuelle kandidater. Dette både for å sikre gode avgjørelser, og for å gi alle kommende utvalgsmedlemmer en følelse av viktighet og at det er ganske tunge verv de går inn i, samt å sikre en første one-on-one-kommunikasjon med alle.

Hvordan sikrer vi opplæring av de politiske utvalgene?

Med modellen foreslått over, så starter den opplæringen umiddelbart etter at sentralstyret velger sammensetningen av utvalgene, og at det dermed gjennomføres en grunnleggende opplæring allerede i desember, og at det i tillegg legges opp til opplæring utover i året, inkludert én til to obligatoriske opplæringskvelder eller lignende i løpet av året.

Til diskusjon

- Skal vi gå inn for å velge de politiske utvalgene slik det innstilles her? Eller skal vi gå for en treigere løsning som også er skissert i saksfremlegget
- Finnes det andre måter å organisere de politiske utvalgene på?
- Hva har fungert og hva har ikke fungert med de politiske utvalgene?
- Bør sentralstyremedlemmer lede utvalgene?

- Ønsker du å sitte i den undergruppa som skal jobbe med valg av ledere og medlemmer av politiske utvalg?

Forslag til vedtak

F1: Retningslinjer for politiske utvalg i Grønn Ungdom vedtas slik de foreligger.

F2: Sentralstyret oppretter en undergruppe med ansvar for valg av ledere og medlemmer av politiske utvalg, som skal arbeide med dette både før og etter landsmøtet i desember, og som også har ansvar for opplæringen av de nye politiske utvalgene i desember. Gruppen består av Teodor Bruu, xxx og xxx.

Med vennlig hilsen

Teodor Bruu,
Talsperson
Oslo, 17. august 2020

RETNINGSLINJER FOR POLITISKE UTVALG

1. Formål

De politiske utvalgene i Grønn Ungdom skal utvikle og forberede politikk til behandling i sentralstyret, landsstyret og landsmøtet i Grønn Ungdom.

2. Etablering av utvalgene

Landsmøtet bestemmer gjennom arbeidsplanen hva utvalgene skal hete og hvor mange det skal være hvert år. Navnene på utvalgene er presise bestillinger på hva det ønskes utviklet politikk på det kommende året.

3. Utvalgenes formelle rolle

De politiske utvalgene er formelt undergrupper av sentralstyret, men kan bestå av både sentralstyremedlemmer og andre. Ledere og medlemmer av utvalgene har ikke forslagsrett i sentralstyret eller landsstyret. Noen med forslagsrett må derfor være forslagsstiller på vegne av utvalget. Utvalgsmedlemmer kan derimot innvilges talerett på sentralstyre- og landsstyremøter, og noen fra utvalget oppfordres til å presentere forslagene sine for de organene som skal behandle det. Som hovedregel skal sentralstyret behandle politikken fra utvalgene før det behandles i et høyere organ.

4. Valg av ledere og medlemmer av utvalgene

Søknadsprosessen for å sitte i de politiske utvalgene starter når sakspapirene til landsmøtet sendes ut. Sentralstyret reklamerer aktivt for dette i forkant av, under og etter landsmøtet. Søknadsfristen settes kort tid etter landsmøtet. En undergruppe av sentralstyret går gjennom alle søknadene, gjennomfører intervjuer med alle aktuelle kandidater og kommer med en innstilling til sentralstyret innen sentralstyrets påtroppingshelg, som allerede er én eller to helger etter landsmøtet. Sammensetningen av utvalgene velges av sentralstyret på påtroppingshelgen. Alle velges for ett år, frem til neste landsmøte. Sentralstyret kan med vedtak supplere utvalgene når det skulle passe.

5. Opplæring av ledere og medlemmer av utvalgene

Etter sentralstyrets påtroppingshelg, som velger sammensetningen av utvalgene, er det én uke igjen av året før juleferien slår inn. Den uken brukes til grunnleggende opplæring av utvalgsmedlemmer, med egne opplæringsprogrammer for ledere og vanlige medlemmer. Utvalgene følges jevnlig opp av en koordinator fra sentralstyret og det gjennomføres opplæring ved behov gjennom hele året, i tillegg til én til to større opplæringskvelder eller lignende.

Til Sentralstyret
Kopi Landsstyret
Fra Teodor Bruu, talsperson, på vegne av det politiske utvalget for helse, velferd og likestilling
Dato 19.08.20
Saksnr SST-16-20-189

grønn
ungdom

BORGARLØN SOM EI FRAMTIDIG VELFERDSORDNING

Bakgrunn

Garantert grunninntekt (også kjent som borgarløn) er ei økonomisk støtte som kan bli mottatt av alle innbyggjarar i eit land uavhengig av arbeidsevne, sosial status og økonomisk kapital. Det er meininga at borgarløn skal vere nok til å dekke alle grunnleggande behov.

Borgarløn er sett på som eit alternativ eller supplement til eksisterande velferdsutbetalingar som trygd, arbeidsledighetspenger og sjukepengar. Mange av velferdsordningane i dag er rekna for å vere byråkratiske, og mangelfulle av mange brukarar¹². I dag er det mange jobbar som blir robotisert, og det kan gjere arbeidsmarknaden meir pressa. Derfor er det også tenkt som ein kompensasjon for dei jobbane som går tapt.³

Ifølge BIEN - ein interesseorganisasjon som jobber for borgarløn - høyrer ikkje borgarløn til ein enkelt politisk ideologi, men kan passe til både "grøn", "raud" og "blå" ideologi. I Noreg er det Venstre, Rødt og MDG som har hatt eit punkt om borgarløn i partiprogrammet sitt, og det underbygger påstanden til BIEN om at borgarløn ikkje høyrer til på verke høgre eller venstresita i politikken, men at det er ei ordning som kan løyse mange av utfordringane vi har med velferdsutbetalingar i dag.

I mange år har Miljøpartiet dei Grøne nemnt borgarløn som ei mogleg løysing i partiprogramma sine. Det er ei omdiskutert løysing som ikkje alle er einig om i MDG, sjølv om det har vore ein del av politikken vår lenge. Våren 2021 skal MDG vedta eit nytt partiprogram å gå til val på, og da skal denne saka opp til behandling igjen.

¹ <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/wEm7nM/navs-hjelp-og-veiledning-har-vaert-en-stor-tilleggsbelastning-til-aa-vaer>

² <https://www.nettavisen.no/nyheter/--klienter-kommer-gratende-fra-nav/2932846.html>

³ http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonn-pamflett_korrekturlest.pdf (s. 3)

Programkomitéen har ikkje tatt noko standpunkt om borgarløn, og har laga ei open innstilling: “*Utrede ordningar for borgerlønn tilpasset norsk kontekst og gjennomføre pilotforsøk for å samle erfaringer om virkning og innretning*” (del 9, velferd og sosial rettferdighet).⁴ Denne saka må også Grøn Ungdom sin landsmøtedelegasjon stemme over under landsmøtet i 2021, og det kan derfor vere lurt at GU tar eit standpunkt i saka siden medlemma til partiet har delte meininger om temaet.

I drøftinga til denne politiske uttalinga kjem vi til å drøfte korvidt borgarløn kan erstatte andre velferdsutbetalingar. Med det meiner vi pensjon, uføretrygd, sjukepengar, barnetrygd, foreldrepermisjon og andre *velferdsutbetalingar*, og ikkje gratis skule, helsetenestar og andre tenestar som ein får sponsa av det offentlege som er *velferdsstenester*.⁵

Drøfting

Kunnskap om effekten av borgarløn

Det finnes organisasjonar i Noreg og resten av verda som kjempar for ei innføring av borgarløn. Den mest kjente er kanskje *Basic Income Earth Network* (BIEN)⁶. Det er også blitt gjennomført ulike formar for prøveordningar som kan minne om borgarløn i Canada⁷, Namibia⁸, India⁹, Iran, Brasil¹⁰ og Finland.¹¹ Desse prosjekta blei gjennomført med korrekte taldata som kan sei oss noko om konsekvensane for dei som fekk utbetalt grunninntekt i dei ulike landa.

Det er likevel verdt å merke seg at ingen av landa har innvilga universal grunninntekt til alle innbyggjarar i landet, og i nokre av prosjekta er det berre utvalte grupper som har fått midlar (dei som står utanfor arbeidslivet, og/eller menneske som lever i fattigdom). Det er heller ikkje alle mottakarar av borgarløn som har fått ei stor nok sum til å dekke levekonstnadane sine i prosjekta (feks. i Finland). Derfor meiner undertekna at det ikkje finnes nok kunnskap om effekten av borgarløn eller korleis det vil påvirke det norske samfunnet, til at ein kan gjere eit politisk vedtak utan meir forskning og utgreiing.

Potensialet for sosial utjamning

Det er gode grunner til å tenke at sosial utjamning er ein naturleg del av grøn politikk: Prinsipp som solidaritet med andre menneske, fokus på livskvalitet og ein økonomisk omfordelende politikk som dei Grøne har kjempa for, gir oss ein peikepinn på det. I Noreg er det sosiale og økonomiske forskjellar, og det er korrelasjon mellom forventa

⁴ <https://databank.mdg.no/program/del-9-arbeid-og-velferd/38-velferd-og-sosial-rettferdighet/>

⁵ <https://snl.no/velferdsstat>

⁶ <https://basicincome.org/>

⁷ <http://archive.irpp.org/po/archive/jan01/hum.pdf>

⁸ http://www.bignam.org/BIG_pilot.html

⁹ <https://www.financialexpress.com/opinion/indias-time-for-unconditional-cash-transfers/257046/>

¹⁰ <https://www.economist.com/the-americas/2008/02/07/happy-families>

¹¹ <https://www.theguardian.com/world/2018/apr/23/finland-to-end-basic-income-trial-after-two-years>

levealder, og desse faktorane: utdanningsnivå, økonomisk kapital og sysselsetting.
¹²Derfor er det viktig å tenke over korvidt borgarløn vil kunne vere sosialt utjamnande.

Avhengig av korleis universal grunninntekt blir gjennomført, kan den både utjamne økonomiske forskjellar i eit samfunn, og auke dei. Viss borgarløn skal fordelast likt til alle innbyggjarar uansett inntekt og kapital, vil ein kanskje auke skattane unødvendig mykje for å gi utbetalingar til folk som ikkje treng det. Det vil bety at dei som tenar flere millioner kroner i året får samme sum i utbetaling borgarlønn som dei fattigaste. På den andre sida vil dei som tener mykje og har stor kapital måtte betale mykje i skatt for å finansiere borgarløn, som gjer at penga ein har til disposisjon blir omfordelt. Skal borgarlønn vere sosialt utjamnande må dei rike betale meir i skatt for at den økonomiske kapitalen skal bli meir lik på tvers av inntektsnivå.

I tillegg vil det kunne bli mindre sosialt stigma knytt til å leve på velferdsutbetalingar dersom alle innbyggjarar over ein viss alder i samfunnet mottar borgarløn. Det er noko som i dag er venleg i den skandinaviske velferdsmodellen, i motsetnad til velferdsmodellane i feks. USA (som er meir behovsprøvd enn i Noreg) kor det er veldig få som mottar velferdsutbetalingar. Altså er feks. barnetrygd i Noreg ei universell velferdsrett som alle før uavhengig av sosial status og økonomisk kapital og inntekt.¹³ Å gjere borgarløn til ein universal velferdsutbetaling vil kunne minske skammen ved å motta pengane, samanlikna med dersom det er behovsprøvd.¹⁴

I forsøket med borgarløn i Brasil, var ein forutsetnad for at familiane skulle få garantert grunninntekt, at barna deira skulle gå på skule og bli vaksinert. Det er rekna som hovudårsaken til at fattigdommen blei redusert med 27.7% i Brasil etter at Luiz Inácio Lula da Silva blei president i 2006. Når barn får utdanning kan det også bidra til å minske fattigdommen på lang sikt og skape berekraftig utvikling i fattigdomsreduksjonen.¹⁵

Det kan altså bidra sosialt utjamnande ved å redusere fattigdom. Eit viktig spørsmål i diskusjonen om borgarløn, er kven som skal motta det. I brasiliansk kultur er familien viktigare for inntekt¹⁶ enn i norsk kultur, kor vi er meir individualistisk¹⁷. Bør ein 18-åring som bur gratis hos foreldra sine få like mykje i grunninntekt som ein einsleg forelder med to barn? Her er det viktig å tenkje gjennom korvidt borgarløn kan erstatte andre velferdsutbetalingar som feks. barnetrygd.

Samtidig vil ein garantert grunninntekt kunne bidra til at fleire blir økonomisk uavhengig, og ikkje vil tvingast til å bli i busituasjonar kor dei utsetter seg sjølv for fare av økonomiske årsakar. Kvinnars rett til å jobbe og få betalt fødselspermisjon var kvinnefrigjeringa på 1960- og 70-talet og gir oss eit eksempel på det: Det aukte kvinner i Noreg sin moglegheit til å bestemme over eigne liv, og det er grunn til å tru at dette også har gitt aukt livskvalitet til kvinner i Noreg.¹⁸ Grunninntekt til alle over 18 vil kunne bidra til at unge vaksne kan realisere ønska sine utan å vere avhengig av familien og gi aukt livskvalitet.

¹² <https://www.fhi.no/hn/folkehelse/artikler/utjevning-av-sosiale-helseforskjell/>

¹³ https://snl.no/universelle_velferdsrettigheter

¹⁴ <https://www.dagbladet.no/kultur/nar-loven-blir-en-pisk/71761758>

¹⁵ <https://www.bbc.com/news/world-latin-america-11414276>

¹⁶ <https://family.lovetoknow.com/family-values/brazilian-family-values>

¹⁷ <https://ndla.no/subjects/subject:18/topic:1:194233/topic:1:78246/resource:1:129333>

¹⁸ <https://www.norgeshistorie.no/oljealder-og-overflod/1914-kvinnefrigjoring.html>

I spørsmålet om sosial utjamning, er det også nødvendig å diskutere moglegheita for å bryte mønster kor sosial arv bidrar til fattigdom og dårleg livskvalitet over generasjonar. Med sosial arv, meiner vi alt som barn arver frå foreldra som ikkje er genetisk. Det er vanleg at barn tar utdanning som ikkje overstig nivået til foreldra, ikkje tener betydeleg meir enn dei, og gjerne rekrutterast til liknande yrker som foreldra. Viss foreldra har hatt økonomiske problem i heimen der eit barn vaks opp, er det større sjanse for at det barnet også vil få økonomiske problem.¹⁹ Borgarløn kan altså bidra til å bryte litt av den onde sirkelen kor fattigdom og sosiale problem går i arv. Når familiar med økonomiske vanskar får ein garantert inntekt, vil det kunne bidra til å auke livskvaliteten, og minske psykiske vanskar som kjem med stigmaet knytt til å vere fattig.²⁰

Når ein skal innføre borgarløn, må ein ta standpunkt til kven som skal få hjelpa. Viss ein stiller krav til at ein må vere statsborgar, vil fleire innvandrarak kunne ende opp med å leve i fattigdom samanlikna med dei med norsk statsborgarskap. Det vil i så fall kunne føre til meir rasisme og sosial dumping på systemnivå. Kven som styrer landet vil vere med å påvirke dette, og da kan fattigdommen auke eller minske utifrå menneskesynet til partia som styrer landet. På den andre sida er det allereie praksis i dag²¹, og Noreg er rekna for å ikkje vere så god på mellom anna pensjonsutbetalingar samanlikna med andre land som vi ofte samanliknar oss med.²²

Korvidt borgarløn kan utjamne sosiale forskjellar, er avhengig om det faktisk blir gitt til alle i samfunnet, kor høg den er, og korleis det vil påvirke resten av samfunnsøkonomien. Viss grunninntekta er for låg til å kunne livnære seg av, og er lågare enn andre sosiale stønadar og sjukepengar som blir gitt i dag, vil det kunne gjere at fleire av dei som er i økonomisk sårbare situasjonar vil leve i fattigdom. Dette temaet drøftar vi vidare i underoverskrifta "Ulike modellar for borgarløn".

Kostnad og risiko for samfunnet

Det er usikkert kva borgarløn vil koste og hvor stor risiko det vil ha for samfunnsøkonomien. I dag blir trygdeutbetalingar rekna utifrå eit grunnbeløp. G står for grunnbeløp. I Noreg var grunnbeløpet på 99 858kr i 2019. den blir justert i mai kvart år i samsvar med utviklinga av lønsnivået i samfunnet, og blir brukt som utgangspunkt for mange velferdsutbetalingar.²³ Samanlikna med studentar, som mottar 123 519 kr i 2020/2021 er 1G for lågt til å kunne leve av. Spesielt når mange studentar ytrar at dei må jobbe ved sida av studia for å dekke levekostnadar.²⁴ Derfor bør utbetaling av borgarløn tilsvare minst 2G, eller tilsvarende i eit anna utrekningsystem viss det skal erstatte andre velferdsutbetalingar.

¹⁹ <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/sosial-arv>

²⁰

https://bufdir.no/Familie/Fattigdom/Veileder/Om_fattigdom1/Konsekvenser_av_fattigdom_pa_ulike_omrader/

²¹ <https://www.borgenmagazine.com/nordic-welfare-model-less-poverty-scandinavia/>

²² <https://www.aftenposten.no/norge/i/pLm8mV/norge-slaatt-av-sverige-danmark-og-finland-paa-ny-pensjonsmaaling?fbclid=IwAR1I7D1XWJURKzRh33EaNgiv6svMwuSLuRLbf-YAkK6B4mW9t6Xfs8tXh7o>

²³ <https://www.regjeringen.no/no/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/innsikt/trygd/regulering-av-folketrygdens-grunnbelop-og-pensjoner/id2008616/>

²⁴ <https://studenttorget.no/index.php?4524&artikkelid=10861>

Viss alle i Noreg skulle fått utbetalt 1G ville det kosta staten ca. 400 milliardar kr i året.²⁵ Idag bruker staten mange milliardar på motorvegprosjekt og oljenæringa, som dei Grøne meiner er sløsing av pengar. Ved omprioritering og høgare skattenivå er det grunn til å tenke seg at det vil vere mogleg å dekke kostnadane for utbetaling av borgarløn. I 2020 er statsbudsjettet rekna å få utgifter på 1443 milliardar kroner og inntekter på 1446 milliardar kroner. Av desse går 498 milliardar til folketrygda. Ein må altså rekne med at utgiftene aukar betydeleg viss ein skal innføre universal grunninntekt som er til å leve av (2G eller tilsvarande).²⁶

I eit grønt samfunn i framtida kor vi ikkje lenger er avhengig av oljeinntekter, må vi rekne med å lage eit statsbudsjett med mindre inntekter. Viss vi ikkje reknar med inntekter frå petroleumsnæringa i Noreg, ville vi hatt inntekter på 1173 milliardar kroner (mot 1446 med oljepengar). I så fall vil ei utbetaling av borgarløn til å leve av - 2G - vere på 800 milliardar, som er størsteparten av statsbudsjettet etter dagens nivå.²⁷ Ei innføring av universal borgarløn til å leve av, vil i så fall kreve eit stort auke i skatteinnbetalingar frå dei som tenar mest, og det vil vere lurt å sjå på andre inntektskjelder som robotskatt.

Det er viktig å understreke at dette er eit veldig enkelt mattestykke laga av medlemmer i politisk utval for helse, velferd og likestilling, kor ingen av medlemma har utdanning eller mykje fagleg kunnskap om samfunnsøkonomi. Derfor er ikkje dette ein realistisk framstilling av korleis borgarløn vil påvirke samfunnsøkonomien, men det kan gi oss ei betre forståing av kor dyrt det faktisk vil vere å innføre borgarløn. Det er viktig å vere klar over at det vil koste samfunnet enormt, og påvirke samfunnet på både positive og negative måtar som vi ikkje kan forutsei. Derfor er det lurt å stille seg sjølv spørsmål om eit aktivt standpunkt for borgarløn vil spore av debatten frå dei andre kjernesakene til MDG.

Dei aukte skattane som trengs innbetalt frå dei rikaste for å finansiere borgarløn, vil gjere at dei rikaste får mindre middlar. det betyr at mange av dei som har kapital til å investere i nye selskap i dag, ikkje vil kunne bidra til å skape like mange store arbeidsplassar. Da kan vi tenke oss at det vil bli vanskeleg å få små bedrifter til å vekse seg større. På den andre sida kan det hende at det aukar sjansen til små bedrifter og enkeltpersonsforetak til å lykkast, sidan det kan bli færre etablerte bedrifter å konkurrere med.

Når vi skal snakke om kostnader for staten må vi spørre oss sjølv om borgarløn vil føre til økt innvandring? Det er eit spørsmål som vi ikkje har svar på. Viss borgarløn skapar aukt innvandring, vil det kunne koste mykje viss desse er ressursvake. Det vil i så fall vere i tråd med den prinsippa til MDG å la både arbeidsinnvandrarar og flyktingar få bu i Noreg fordi vi har eit ansvar ovanfor resten av verdssamfunnet som medmenneske til å la fordrevne få ein plass å bu. Samtidig veit vi at fleire arbeidsinnvandrarar bidrar til at

²⁵ <https://frifagbevegelse.no/nyheter/byradet-i-bergen-vil-prove-ut-borgerlonn-6.158.660832.812dd9e16d>

²⁶ <https://www.statsbudsjettet.no/Statsbudsjettet-2020/Satsinger/?pid=93261>

²⁷ <https://www.statsbudsjettet.no/Statsbudsjettet-2020/Satsinger/?pid=93261>

også fleire norskfødte kjem seg inn i arbeidslivet.²⁸ Det kan altså bli ein vinn-vinn situasjon for nye og gamle landsmenn viss innvandringa auker.

Borgarløn kan føre til mindre byråkrati og færre tilsette i NAV. Som nemnt tidlegare i denne drøftinga, er det mange brukarar som kritiserar sine møte med NAV. Det er også rekna for å vere eit uforutsigbart system kor menneskeleg skjønn har mykje å sei for kva for velferdsutbetalingar ein får.²⁹ Innføring av borgarløn vil føre til at ein sparar brukarane av NAV for mykje byråkrati og stress, samtidig som staten kan spare pengar på å ha ferre tilsette i NAV.

På den andre sida kan utbetaling av Borgarløn føre til at ferre vil jobbe, som gjer vil kunne redusere arbeidsinntektene, og føre til at mange får ein kvardag utan innhald. I Noreg får 10% av dei i som vanlegvis er arbeidsfør alder, velferdsutbetaling i 2020 (før koronapandemien).³⁰ Det er (til underteikna sin kjennskap) ikkje gjort noko omfattande studie på kor mange som vil slutte å jobbe dersom dei fekk utbetalt borgarløn. Men det er gjort ei spørjeundersøking i Sveits, kor 10% seier at dei ville slutte å jobbe, 30% ville valt å jobbe mindre eller funne seg ein annan jobb, og 60% ville fortsatt i arbeid som før.³¹

Med utgangspunkt i denne undersøkinga kan vi sei at mengda i "arbeidsfør alder" utanfor arbeid ville haldt seg stabil. Denne undersøkinga kan likevel ikkje seiast å vere nyttig i denne smanhengen siden den blei gjennomført for ein god del år sidan, ikkje blei gjort i Noreg, og ikkje nødvendigvis er omfattande nok til å gi oss solid kunnskap. I framtida veit vi at 1/3 av norske jobbar står i fare for å bli automatisert/robotisert.³² Da kan det også hende at det blir ferre jobbar tilgjengeleg for dei i arbeidsfør alder i framtida. Så viss fleire enn 10% sluttar i arbeid, kan det moglegens kompenseras for med robotskatt. I tillegg overstig det ikkje dei 25% utan arbeid som vil føre til at ein velferdsstat ikkje kan bli oppretthaldt.³³

Eit anna argument som er brukt for borgarløn, er at det vil gi rom for kreativitet og fleire grundarar. Som nemnt tidlegare i denne teksten, er det tenkeleg at store bedrifter vil få ein mindre investeringskapital dersom skattenivået aukar så mykje som trengs for å finansiere ein grunninntekt som er mogleg å leve av. På den andre sida vil fleire arbeidsledige kunne starte grunderprosjekt eller bli sjølvstendig næringsdrivande, og rett og slett sysslesette seg sjølv når dei mottar ein grunninntekt som gir dei slingringsrommet som trengs.

Ulike modellar for borgarløn

²⁸ <https://bankplassen.norges-bank.no/2019/05/08/makrookonomiske-effekter-av-arbeidsinnvandring-i-norge/>

²⁹ <https://forskning.no/arbeid/pa-nav-kontoret-sitter-det-bade-regelryttere-og-snille-saksbehandlere/317763>

³⁰ <https://www.klartale.no/norge/en-av-ti-far-uforetrygd-1.1664085>

³¹ http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf

³² http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf

³³ http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf (s. 6)

BIEN, som er ein interesseorganisasjon som jobber for borgarløn, definerer borgarløn etter fire kriterier: Det skal vere betingingslaus og skal ikkje avhenge av inntekt eller behov. Det skal utbetalast til alle borgare i eit land, gjerne innvandrarar også, men kan differensierast etter alder. Den skal vere individuell, og alle sal få det samme uavhengig av om ein er gift, sambuar eller einsleg. Sist, men ikkje minst, skal den vere høg nok til at ein kan leve eit verdig liv og delta aktivt i samfunnet.³⁴

Viss vi har som utgangspunkt at borgarløn skal vere ein menneskerett, gir det mening å tenke at ein skal oppfylle alle dei fire kriteria. det kan likevel vere ein fordel å ha andre tilnermingar til borgarløn. Både fordi vi har lite kunnskap om det, og fordi folk kan ha behov for meir pengar enn nivået til borgarløna (feks. viss ein har sjukdom eller funksjonshemming). Viss utbetalinga av borgarløn er låg samanlikna med det ein tener i arbeid, og det erstatter uføretrygd eller andre velferdsutbetalingar, kan det føre til at fleire ender opp med å leve i fattigdom. Dersom det berre er vaksne menneske som får borgarløn, og det erstattar andre velferdsutbetalingar som barnetrygd, vil familier kor ein eller fleire av foreldra ikkje er i arbeid, eller har låg inntekt, ha barn som veks opp i fattigdom. Det er ikkje i tråd med solidaritetsprinsippa som dei Grøne sin politikk baserer seg på, fordi fleire vil få ein dårlegare livskvalitet. Derfor må vi tenke oss at ein innføring av borgarløn i Noreg berre skal skje dersom den ikkje auker sosiale forskjellar.

I forsøka som er gjort i fleire land, er ikkje alle dei fire krava spesifisert av BIEN oppfylt. Det betyr likevel ikkje at BIEN har ein rett til å definere kva borgarløn skal vere, og korleis det skal praktiserast. Som vi har nemnt i underdelen "potensialet for sosial utjamning", er det god grunn til å anta at mottakar av utbetalinga (om det er ein enkelt person som mottar det, eller ein heilt familie), kan, eller bør vere kulturelt avhengig av landet det blir utbetalt i. Det er også grunn til å anta at samfunnet - og behova til den enkelte i det - vil forandre seg over tid, som vil gjere det naturleg å revurdere dei kriteria som virkar gode i dagens Noreg.

Det er lansert fleire modellar for borgarløn. Tre av desse er

- *garantert minsteinntekt*: at alle i befolkinga (ein kan sette kriteriar for alder osv) får utbetalt eit minimumsbeløp frå det offentlege uansett kor mykje eller kor lite dei tener
- *negativ inntektsskatt*: at det blir utrekna ei minsteløn, og dei som tener under denne får utbetaling frå staten opp til minstelønsnivået. Viss ein tener over det nivået må ein betale skatt
- *fee and dividende*: Denne kan minne om klimaavgift til fordeling, kor bruk av fossile energikjelder skal bli skattlagt. Etter kvart som vi går over til fornybare energikjelder, kan ein betale skatt ved bruk av desse (robotskatt)³⁵

Alle desse tre modellane har positive og negative sider ved seg med tanke på potensialet for sosial utjamning og den økonomiske risikoen dei utgjer for staten, men utan meir kunnskap og forskning om korleis det vil fungere i det norske samfunnet, er det vanskeleg å sjå for seg konsekvensane av å innføre ulike variasjonar av borgarløn.

³⁴ http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf s. 8-9.

³⁵ http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf s. 9

Spørsmål til diskusjon

- Er det riktig å gi borgarlønn til alle innbyggjarar uansett inntekt og behov?
- Kan borgarlønn erstatte utbetalingar som barnetrygd, støtte til hjelpemiddel for funksjonshemma og utstyrstipend til skuleelevar?
- Kan borgarlønn føre til at fleire vil flytte til Noreg? Kva er i så fall fordelene og ulempene med det?

Saksbehandlars konklusjon

Borgarlønn kan vere ei god ordning som minskar byråkrati i velferdssektoren, og som bidrar til å auke livskvaliteten til dei som avhenger av trygdeutbetaling, og i periodar der arbeidsføre er sjuke. Det kan vere sosialt utjamnande, men også skape større forskjellar i samfunnet avhengig av korleis det blir praktisert. I dag finst det lite kunnskap om korleis borgarlønn vil kunne påvirke den personlege økonomien til ulike grupper i samfunnet, og korleis den vil påvirke samfunnsøkonomien i Noreg. Derfor konkluder politisk hovudutval for opplæring og kompetanse at det vil vere uforsvarleg å innføre borgarlønn som eit politisk vedtak utan meir forskning, Vi bør likevel gjere store forsøksprosjekt på, og forske meir på borgarlønn for å sjå korleis det vil påvirke samfunnet og enkeltpersonar i Noreg.

Målet må vere vere å innføre borgarlønn, eller nokre element frå borgarlønn i samfunnet, dersom det utjamnar sosiale forskjellar, og sikrar at velferdsstaten fortsetter å fungere godt i all forutseieleg framtid.

Denne saka er stor og prinsipiell for Grøn Ungdom og MDG. I resolusjonen som er lagt ved og foreslått vedtatt, er det tatt eit standpunkt som liknar på det som står i den opne innstillinga til MDG sitt partiprogram. Viss LS ønsker å ta eit anna standpunkt, meiner vi at det kan vere lurt å sende saka vidare til GU sitt landsmøte, fordi det er ei sak som engasjerer mange i partiet.

Vidare lesing:

Ei god oversikt over nokre for- og motargument i debatten om borgarlønn:
<https://frifagbevegelse.no/nyheter/borgerlonn-her-er-de-beste-argumentene-for-og-mot-6.158.661093.78300b6e59>

Pamflett frå BIEN: http://www.borgerlonn.no/wp-content/uploads/2020/07/Borgerlonnpamflett_korrekturlest.pdf

Forslag til vedtak

F1: Den politiske uttalingen «Gi oss meir kunnskap om borgarlønn og nye løysingar for velferdsutbetalingar» blir vedtatt slik han foreligger.

F2: Den politiske uttalingen «Gi oss meir kunnskap om borgarlønn og nye løysingar for velferdsutbetalingar» innstilles til Grøn Ungdoms landsmøte.

Vedlegg

1 - Gi oss meir kunnskap om borgarløn og nye løysingar for velferdsutbetalingar

Med vennleg helsing, på vegne av politisk utval for helse, velferd og likestilling,

Pauline Tomren,
leiar av utvalet

19. august 2020

Ola Vollan,
medlem av utvalet

19. august 2020



GI OSS MEIR KUNNSKAP OM BORGARLØN OG NYE LØYSINGAR FOR VELFERDSUTBETALINGAR

Forskjellene mellom fattige og rike aukar i Noreg. Det gjer at fleire menneske får ein dårlegare livskvalitet, og må kjempe ein årelang og byråkratisk kamp mot NAV for å få pengar til livsopphald som dei har rett på. Borgarløn er ein utbetaling som dekker levekostnadar frå staten til alle innbyggjarar i landet kan vere ei løysing som minskar byråkratiet for privatpersonar og i NAV.

I dag finst det lite forskning på korleis innføring av borgarløn vil påvirke liva til alle grupper i samfunnet som potensielt kan få pengane, og korleis det kan påvirke samfunnsøkonomien til Noreg. Grøn Ungdom og MDG skal føre ein kunnskapsbasert- og sosialt utjamnande politikk som opprettheldt ein berekraftig velferdsstat.

Grønn Ungdom vil:

- Gjennomføre prøveprosjekt med borgarløn og forskingsprosjekt i samarbeid mellom NAV og instutisjonar for høgare utdanning
- Innføre borgarløn eller element frå borgarløn, dersom forskinga viser at det er sosialt utjamnande og samtidig opprettheldt ein berekraftig velferdsstat